

JH Service lanserer vinterdekk med nytt rullemønster.

04.10.2018



Johannes Hjønnevåg i JH Service driv dekkskifte og dekkhotell. Han er med på lanseringa av vinterdekk med nytt rullemønster.

Johannes Hjønnevåg driv JH Service og er med på lanseringa av nye vinterdekk med nytt rullemønster. Verkemda ligg sentralt til i kjellaren i bygget der vi finn Zakk frisørsalong. Hjønnevåg driv dekkskifte og vinterlagring av dekk. Det nye dekket har namnet Nereus og er godt eigna for vegane på Vestlandet.

Det er tid for dekkskifte og dersom ein treng nye dekk, rår Johannes Hjønnevåg til at ein vurderer Nereus 805+ eller Nereus 806. Omfattande testar av vinterdekk syner at Nereus er godt eigna for klimaet på Vestlandet med mykje vatn og slaps i vegbanen. Meir vatn i vegbanen er eit aukande problem. Det aukar også faren for vannplaning.

Det nye dekket har eit rullemønster og eigenskapar som gjer at vantnet drenerer langt betre. Testane er gjort på ulikt underlag og ved ulike temperaturar. Dekket er laga av mjuk Nordisk gummi. Rullemønsteret og dreneringen gjer at bremselempa vert mindre på våt og slapsete vegbane. Forskinga syner også at dekket gir 7 - 10 % lengre rekkevidde.

Johannes Hjønnevåg rår kundane sine til å prøva det nye dekket.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal